

# Sfj2019

## Samandrag

1.	<b>Utgreiing #56</b>
	Reinholdartenestene
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)
	Fylkesrådmannen ønskjer å greie nærare ut om det kan vere føremålstenleg å etablere ein felles standard for reinholdartenestene knytt til alle fylkeskommunale bygg.
3.	<b>Økonomisk innsparingspotensiale</b>
	<p>Konsulentselskapet Ren-Consult påpeikar at det er vanskeleg å vurdere eit konkret innsparingspotensiale innan reinhold utan å dokumentere dette gjennom å utarbeide ei ny reinholdsplan.</p> <p>Pilotprosjektet som er gjennomført på Mo- og Øyrane vidaregåande skule har gitt ei innsparing på eitt årsverk. Basert på innrapporterte tal frå einingane og erfaringar frå piloten vert det vurdert til å vere eit samla innsparingspotensiale innan det fylkeskommunale reinholdet.</p> <p><u>Innsparingstiltak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Auka samordning gjennom ein sams reinholdsstandard i fylkeskommunen.</li></ul>
4.	<b>Administrativt innsparingspotensiale</b>
	Ressursen som vert sett av til leiande reinholdar vert samordna mellom dei fylkeskommunale institusjonane (einingane), men målsettinga er at samla ressursbruk her skal vere på dagens nivå.
5.	<b>Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane</b>
	<p><u>Kvalitet i vidareførde oppgåver:</u></p> <p>Eit overordna grunnprinsipp for ein samordna reinholdsstandard er at rett reinhold gjev godt inneklima og trivlege lokalitetar. Slik tek vi også best muleg vare på bygg og eigedomar.</p>
6.	<b>Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet</b>
	<p>Uavhengig av utgreiinga er det behov for nye eller justerte reinholdsplanar ved fleire einingar, m.a. pga. nybygg og arealendringar som følgje av skulebruksplanen. Omstillingsbudsjettet er nytta til eksternt tenestekjøp på omlag 500.000 kr i arbeidet med å få ein meir samordna reinholdsfunksjon i fylkeskommunen.</p> <p>Det skal leggjast til rette for god drift av reinholdartenestene (t.d. kompetanse, fysiske løysingar, utstyr, ergonomi, etc.).</p>

7.	Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet
	Sentraladministrasjonen får tillagt fagansvaret for alt reinhald i fylkeskommunen. Kombinert med dette vert det gjort ei vurdering av effektiviseringspotensialet gjennom auka samordning og koordinering av driftsrelaterte tenesteområder i sentraladministrasjonen.
8.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar
	Arbeidsgruppa ser ikkje på noverande tidspunkt behov for ytterlegare fagutgreiingar.

# Reinhold

## Bakgrunn

Fylkesrådmannen vil greie nærare ut om det kan vere føremålstenleg å etablere ein felles standard for reinholdartenestene knytt til alle fylkeskommunale bygg. Utgreiingsarbeidet skal gjerast av/i tett dialog med bygge- og eigedomssjefen, og skal særleg kartleggje og vurdere om dagens reinholdsrutinar er tydelege og like ved alle institusjonar. Fylkesrådmannen vil stille eit konkret krav om at det for framtida skal utarbeidast reinholdsplanar ved alle fylkeskommunale institusjonar, og at det gjennom planane vert sett ein felles standard for reinholdartenestene.

Det vil også her vere trong for å avklare om arealansvar per reinholdar i dag er forsvarleg og rett i høve gjeldane normer. Fylkesrådmannen legg til grunn at det for framtida skal leggjast til rette for god drift av reinholdartenestene (t.d. kompetanse, fysiske løysingar, utstyr, ergonomi, etc.). Eit overordna grunnprinsipp for utgreiinga er at rett reinhold gjev godt inn klima og trivelege lokalitetar. Slik tek vi også best muleg vare på bygg og eigedomar. Ressursinnsatsen i utgreiingsarbeidet vert tilpassa desse grunnprinsippa.

Det er om lag 60 årsverk tilsett innan reinhold i fylkeskommunen, der dei fleste er tilsette i reinholdsfunksjonen ved dei vidaregåande skulane. Omlag 5 årsverk er knytt til fylkeskommunalt reinhold i sentraladministrasjonen og innan tannhelsa.

Dei flestetannklinikane har eksternt tenestekjøp av reinholdstenester pga. små stillingsstorleikar. I tillegg er det vedteke å redusere tal tannklinikkar frå 28 til 18 einingar. På bakgrunn av dette er ikkje tannklinikane ein del av den vidare utgreiinga.

Uavhengig av utgreiinga er det behov for nye eller justerte reinholdsplanar på fleire einingar, bl.a. pga. nybygg og arealendringar som følgje av skulebruksplanen. Omstillingsbudsjettet vert nytta til eksternt tenestekjøp på omlag 500.000 kr i arbeidet med å få ein meir samordna reinholdsfunksjon i fylkeskommunen.

## Pilotprosjektet ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule

Som eit ledd i arbeidet med utgreiinga er det etablert eit pilotprosjekt med Mo- og Øyrane vidaregåande skule (MOY vgs) for å få eit betre grunnlag for å vurdere innsparingspotensialet innan reinholdstenestene. I pilotprosjektet er det så langt utarbeidd forslag til ny reinholdsplan for skulen, utført av konsultentselskapet Ren-Consult som har utarbeidd reinholdsplanar for mange vidaregåande skular, bl.a. for Møre og Romsdal fylkeskommune. Digitalisering av teikningar, gjennomgang av areal og auka standardisering av reinholdsfrekvensar for ulike typar areal er ein sentral del av dette arbeidet.

Vurdering av ev. innsparingspotensiale ved skulen kan første definerast når ny reinholdsplan vert vedteken, etter at ein i ein prøveperiode har testa ut forslag til ny reinholdsplan. Ren-Consult påpeikar at det er vanskeleg å vurdere eit konkret innsparingspotensiale innan reinhold utan å dokumentere dette gjennom å utarbeide ei ny reinholdsplan.

Skulen har gjennomført utprøving av ny reinholdsplan hausten 2016. Reinholdsarbeidet er organisert i 3 reinholdsteam, og gjennomføring av piloten har gått greitt for 2 av 3 team. For eitt reinholdsteam

har det vore utfordringar med å vere ajour, både med dagleg og periodisk reinhald. M.a. har det vore ei utfordring med tilgangen til klasseroma på dagetid. Ut frå ei samla vurdering er ressursbruken justert og vidare utprøvd. Det vert også lagt opp til at det vert etablert brukaravtale mellom reinhaldaldartenesta og skulen for å få ei tydelegare ansvarsfordeling m.o.t. rydding i klasserom, kontor etc.

Leiingsressurs til leiande reinhaldar har fram til no ikkje vore samordna, og det er no nytta ressurs pr. årsverk som grunnlag for denne. Leiande reinhaldar ved MOY vgs. hadde i utgangspunktet 20 % stillingsressurs. Den er no definert om til 20 minuttar pr. årsverk pr. dag, noko som gir ein stillingsressurs på 30 %. Målsettinga ved omlegging er at samla leiingsressurs i fylkeskommunen vert omlag som idag.

Piloten er no avslutta og resultatet er at MOY vgs. har overteke reinhaldsansvaret ved Fagskulen si avdeling i Førde utan å auke i skulen sin samla reinhaldsressurs. Dette gir ei innsparing tilsvarande eitt årsverk.

Ev. flytting av Fagskulen til Concord-bygget i Førde medfører behov for ny justering av reinhaldsressursane, og bør då kunne gi ei noko større innsparing enn det eine årsverket vi så langt har effektuert i piloten.

### **Samanlikning av ressursbruk**

Basert på innrapporterte tal frå skulane varierer reinhaldsareal pr. årsverk mellom 935 kvm og 2053 kvm. MOY vgs. kjem ut med høgare reinhaldsareal pr. tilsett enn fleire andre skular. Det kan vere noko usikkerheit i dei innrapporterte tala frå einingane. Ressursbruken på relativt like areal vil kunne variere noko pga. ulik byggfunksjonalitet og ulike bruk, men samla sett synleggjer dette eit behov for eit arbeid for å sikre ein meir einsarta reinhaldsstandard i fylkeskommunen. Det vil også kunne vere noko innsparingspotensiale.

I tillegg har kartlegginga synleggjort ulik praksis m.o.t. betalt matpause, dvs. at ved 5 einingar har reinhaldarane betalt matpause. Betalt matpause for reinhaldarane er ikkje i tråd med Hovudtariffavtalen, og arbeidsgjevar ønskjer derfor å harmonisere praksis i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk.

### **Organisering av reinhaldstenestene**

Utgreiingsarbeidet viser eit behov for auka samordning. I eit vidare arbeid er det naturleg at det vert definert eit fagansvar for reinhaldet i fylkeskommunen, og at dette ansvaret vert lagt til sentraladministrasjonen.

Innføring av ny reinhaldsstandard i fylkeskommunen krev tett samarbeid med administrativ leiing ved dei ulike einingane, og ei tett oppfølging av reinhaldsfunksjonen. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at ei vurdering av organisatorisk tilknytning av reinhaldsfunksjonen ikkje vert gjort i denne omgang.

I tilknytning til at fagansvaret for reinhald vert lagt til sentraladministrasjonen er det samtidig naturleg å vurdere effektiviseringspotensiale gjennom auka samordning av andre driftsrelaterte oppgåver i sentraladministrasjonen.

Dette vil også vere ei oppfølging av notat til fylkesutvalet 18. juni 2014, «Bygge- og eigedomsforvaltninga – felles organisering for driftsteknisk personell». Notatet påpeikar bl.a. følgjande:

«Fylkesrådmannen meiner det på lengre sikt kan vere føremålstenleg å vurdere ei tettare organisatorisk samhandling mellom fleire driftsrelaterte tenester i fylkeskommunen, t.d. ei tettare samhandling mellom driftsteknikarane, reinhaldartenesta og IKT-koordinatorane ved dei vidaregåande skulane. Han vurderer m.a. å få på plass ein sentral ressurs som kan bistå institusjonane og planleggje ei mest muleg einskapleg reinhaldarteneste i den fylkeskommunale bygningsmassen. IKT-tenesta har også driftsrelaterte funksjonar som i større grad kan sjåast i samheng med driftsteknikartenestene ute. Det er gode argument for å vurdere dette nærare, men fylkesrådmannen ser føre seg at dette har eit noko lenger tidsperspektiv enn den sams organiseringa for driftsteknikarane.»

Det utvida ansvarsområdet vil krevje noko større ressursbruk framover, og det er derfor eit riktig tidspunkt no å følgje opp fylkesrådmannen sitt notat til fylkesutvalet.

### **Personalforvaltning**

Sterkere samordning av reinhaldsstandard og ressursbruk innan det fylkeskommunale reinhaldet kan medføre overtal ved enkelte einingar. I gjennomføringsperioden vil arbeidsgjevar legge vekt på ei aktiv personalforvaltning, og forsøke å finne løysingar ved ev. overtal på einingar gjennom naturleg avgang.

### **Oppsummering:**

- Reinhaldsutgreiinga vert definert om til eit gjennomføringsprosjekt for å etablere ein meir einsarta reinhaldsstandard i fylkeskommunen.
- Eventuelle innsparingar innsparingar vert innarbeidd undervegs.
- Sentraladministrasjonen får tillagt fagansvar for reinhald i fylkeskommunen, kombinert med ei vurdering av effektiviseringspotensialet gjennom auka samordning og koordinering av driftsrelaterte tenestekområde i sentraladministrasjonen.
- Kostnadar til eksternt tenestekjøp på omlag 500.000 kroner.

### **Utkast til prosjektmandat for gjennomføringsprosjektet**

Frå 15.3 2017 startar fylkesrådmannen eit reinhaldsprosjekt som har eit tidsramme fram til 31.12.2018. Prosjektet har ansvar for :

1. Sikre kvalitet i utarbeiding og justering av reinhaldsplanar for alle bygg som fylkeskommunen nyttar, både egne og leigde lokalar (unnateke tannhelsetenesta).
2. Sikre gode reinhaldsrutinar, utvikle internt samarbeid, tilpassa/framtidsretta utstyr, ergonomi, effektive innkjøpsrutinar og bruk av miljø- og helsefremjande reingjeringsprodukt.

3. Sikre realisering av ev. definert innsparingspotensiale.
4. Ev. behov for samordning av personalpolitikk, t.d. kompetansekrav, arbeidskle, køyretid mellom lokasjonar, brukaravtaler etc.

Gjennomføre ei god personalforvaltning i tråd med lover, forskrifter og evt. avtalar/drøftingar med tillitsvalde, og som er i tråd med vedtak om ressursbruk på dei ulike einingane.